# Aarsmelding for 1926

Idrottlaget „Skarphedin" hadde årsmöte i „Sjoshall" den 25 April. Aarsmeldingi og rekneskapen vart upplese og godkjent.
Det vart so tala um aa gjera noko for dei yngste juniorar, aa idrotten for dei; deretter gjekk ein til val. Form. Johs Borge vart vald til form. med 20 stemmer. Nestform. Olai Sonaaland med 17 stemmer. Dei andre i Styret vart.
John Sone 10 stemmer, Ivar A Sone 9 stm.
Magnus Solberg 7 stemmer Olav Sonaaland 6 st.
Til sekretær vart vald Olav Sone og ettersynsmenn Alfred Sone og Jakob Sone
Sidan vart det drøfta um fest som laget skulde skipa til, det vart ogso vald festnemnd

X

2dr pinseday den 24 mai opna foddballaget til „Skarphedin" sasongen for 1926. Det var ein solblank varm sumarsdag denne fyrste kampdagen vaar. Det var litt paa det uvisse um sportsklubben Auto kom eller ikkje, og vore gutar gjekk i spenning. Men daa det leid til middag kom dei og kampen vart bestemt til kl ½ 8 og daa var byggje lag samla paa bana til „Skarphedin" „Brubakkarne", som maa verta stadion, for bygdi sine sprækaste ungdomar.
Laget vaart som stilte iaar var fra mål til ytre vinstre. Mons Njaastad, Jacob Sone, Rasmus Skjistad, Leiv Solberg (Molkvile)
Olaf Bendixen, Rasmus Sone, Johannes Solberg, Ivar A Sone, Leiv Solberg, Anders Sone, Olav S. Sone. Dommarfløyta høyrdest rædselfull, liksom ho vilde varskua at no gjaldt at me synte „Skarphedins" mot og dugleik i aaret 1926.
Byggje lagi kappt møttes til maalvalg.
„Skarphedin" vant maalvalget, og „Auto" byrja soleis spelet. Det synte seg straks at det var fyrste

x

kampen lagi hadde faat i oppdrag av spela i sesongen, for det var naivös og usikkert som ikkje var til aa undrast paa. Skarphedinane var likevel dei fyrste som kom til bevistheit etter vinterdvalen; og heile laget lagde all energi i spelet; löparane byrja eit raskt paagaaspel som resulterte med maal; fyrste omgång gjekk 1-0 Skh. favör.

2dre omgang tok so til etter 5 m. kvild, Skarphedinane opnar denne omgang med höyfart, me hadde faat blod paa tann og vilde hava meir. Forsvaret arbeide energiskt og godt; ein skulde ikkje havt tenkt at han Jacob hadde traff ballen so godt etter den lange kvild, men jau, han og dei andre vilde verja büret hans Mons, men han motte likevell gjeva rom for ein ball. Men dette var formykje for Hedinane aa fordöya; med ein rask tempo storma dei bybüret og ballen motte igjenom (1 og 2 gonger) og soleis vart det seir for laget vort med 3 mot 1.
Bra spelt for laget vårt.

x

Den 6 juni vitjar Sportsklubben „Reddy" oss
Kampen byrja kl. 3 med utvalt dommar av Reddys lag; altso dei 12 spelar ~~mann~~ og beste mann av alle. „Reddy" vant maalvalget. „Skarphedin" fekk utsparke og vilde med eingong riva spelet til seg; men neitakk.
„Reddy" vilde vera med, og dei vart med, det viste straks at det var ikkje berre Reddy-gutar, men eit samansett lag, som var kvikke og hadde god ballföring og dertil i god konduktion; so me fekk snart greida paa at her vart nederlag. „Reddy" laag noko yver og reiv til seg det meste av spelet, „Skarphedin" hadde delvis spreide opplöp resulterte ikkje til nokon ting. Forsvaret vart hadde ein strid dag og han Mons maa hava ei takk for at det ikkje vart fleire mål. Heile laget hadde ein slitsam dag, varmt var det og. Kampen endte med ein velfortjent seir for „Reddy" 4-0.

Dommaren var mindre god for „Skarphedin".

x

Sunday den 20 juni skulde laget spela sinn fyrste kredskamp i klasse B. med Idrl. „Fyk" Ytre-Arne. Laget vaar hadde tekje alle forholdsreglar og trent iherdigt, og var no i god form og gjekk aa glade seg til aa faa möta „Fyk" til revanskje fraa 1924.
Men diverre, det vart skuffelse for oss. „Fyk" trakk seg; og laget vaart fekk soleis sair utan kamp. Men alle var misfornögde med den lettfengde sair. Herr Lækness, var möt fram som dommar.

Laurdag den 26 juni reiste fodballaget til Skaanevik for aa spela den 2dre kampen i kl B.. I anledningen hadde fodballaget fenge tak i god motorbaat til turen i von um at alle laglimar vilde vera med paa ein so gild tur, daa Biletten ikkje var meire enn kr 5 for kvar tur og retur. Men nu!
Det var berre 7-8 av dei mest intresera som reiste med fodballaget paa turen, og dei aangra ikkje paa det heller. Veret var roleyt og fint,

x

aa eg kunde fortelja myskje av turen som vilde vera morro aa höyra for dei som ikkje var med; men det vil höytta dei andre som var med.
Me kom til Skaanevik kl 12 natt, og det viste seg at gutarne var ikkje hoytte etter den lange turen. Han Sniv tok upp trekspelet og satte mot i oss og det var med musikk me inntok landsbyen Skaanevik. Men her var me uventa gjestar det forstod me med eingang.
Dei vilde myskje för at motorbaaten skulde tekje skade holveges enn til aa spela med oss.
Me maatte straket paa leiting etter medlemar av Skaanevik-klubben; men fann daa tilslutt ein som gav seg ut for aa vera form. eller kva det no var. Me tala daa med han um kva tid me skulde faa spela kampen, og vart einige um kl. 1. Um Sundagsmorgon kom beskje at me kunde ikkje faa spela fyrr kl 4 efm. so me motte gaa der aa trakka heile dagen etter eirofey og svövlaus natt. Kl 4 preeis var laget vaart mött bana med Nordenborg som dommar

X

„Skaanevikskluben" gjekk daa inni staden aa sökte etter spelarane sine. Kl 4½ flöytte Nordenfor til kamp; kapt. mötte fyrst til maalvalg. Me vant maalvalget og Skanevik berörte ballen sovit. Men Ostringarne reiv han med eingong fraa dei at, Men spelet gjekk slapt og üvist, ja kanskje lit nervöst og, det var no ikkje so mykje aa venta av oss, so sövnüge og tröytte som me var. Men me fekk snart svövn or augo vore avdi me fekk foddballsko ikring öyro vaare. Og me sette üpp farten mot dei haarde og frekke Skaaneviksgütarne. I fyrste omgang vart det spreide üpplaüp fraa baggje lag men laget vaart laug yver. Skaanevik vart altid avbremsa av forsvaret vaart som som spelte rolegt og sikert. Me hadde mykje press paa Skaaneviksmaalet, Men det var ein roleg aa sikker voktar dei hadde og me laüt forlata bana i fyrste halvleik med visshet üm at mann var skottfri. I paüsen vart det eggja lit av dei som var med oss.

X

Etter 7 m. kvild stilte lagi at til neste ykt. Me hadde lært vore motstandarar aa kjenna no, og denne omgang vart laget vårt fraa fyrst til sist. Um dei var haarde og üvyrne, so vart ikkje Ostringarne skremde; dei sette üpp ein veldig fart, og med eit godt samspel av löparkjaden og halvrekkja fekk han Leiv traasa ballen forbi den skottfrie Skaanevikaren. Blodet steig i aardrane til Ostringarne etter dette; og det faatall püblikum som me hadde med oss sette mote üpp; meire maal meire o.s.o. Laget stilte no paa linja att med tankarne üm at no vilde dei visa kven dei var üppkalla etter, og dei det gjorde; det vart stadig foran malet til Skaanevik no og maalmann deira motte henta ballen fleire gonger or nettet. Naar so dommarflöyta höyrdest for slütt, kunde Ostringarne gaa av bana med den velfortjente seir 3 – 0.
Um dommaren var god det vil eg ikkje skriva

X

Sunday den 26-6 vitjar Sportsklubben „Draug" oss. Um dette lag vil eg tala svert godt um, det er det mest disiplinera lag som heve vore paa vår bana. Kampen tok til kl. 2 etterm. med O. Bratland som domar. Baggje lag byrja med ein rask tempo, sålег daa „Draug" vilde dominera, og det var vist ikkje fritt for at laget vaart vart eit bit nervöse. Men smaatt um senn tok me til aa kjenna oss at, og faten auka paa; men det vart likevel ei god stund for laget fekk stilla paa midlinja etter maalskot.

Um kampen er ikkje so mykje aa skriva, han gjekk paa ei vis roleg, men ogso med frisk fart; og med taktfaste og bestemte reaulation frau domaren si sida. Kampen endа soleis for Skarphedin 6 mål Draug 3 mål. Målantalet var kanskje lit for stort for laget vaart, men til aa vinna hadde laget rett paa etter som kampen vart spela. Domaren var god.

X

Sunday den 2-7 fekk me endeleg revanshjekampen med „Idrl. Tyk" som me so lenge hadde stunda etter. Kl 11 form. møtte baggje lag paa bana vor med ein undarleg lelenkt i augo.

Med herr Scheildrop som domar byrja lagi kampen. Det viste seg strakst at Skarphedin hadde her for seg eit uppgjerd av like stor karakter som Abram Berge og riksretten i forhold daa. Og lenge var det heller ikkje fyrr han Sein kvitera for eit av dei sorgtemaali som „Tyk" fekk paa oss i 1924 og no hadde gutarne gaat yver skoen, og den eine fyre og den andre etter kvitera no for mykje meire maal enn me hadde fenge av „Tyk" ialt 12. „Tyk" fekk 2 tröystemål, det var eit nederlag for Tykarne som ikkje var greit aa forsona seg med, og me höyrde ikkje noko til trekkspelet, det som let so fint i 1924. Um kampen er ikkje so mykje aa skriva for laget vaart var so yverlegent; men spelarane våre var no i minsto fornøgde.

Domaren var som ein kunde venta av ein forbundsdomar.

x

Same dag kl 3 eftm. hadde laget kampa med sportsklubben "Reggi".
Det var ein slapp "kamp" og lite aa fortelja um, vaare spelarar var slappe etter formdags-kampen som venteleg var; men likevel tok laget vårt leddelsen og den helt det til i siste minutarne so nederlaget vart ikkje stort.
Kampen slutta med sær "Reggi" 3-2
Domaren var "M. Tætli".

Sunday den 29-8 reist fodballaget til Voss for aa spela siste kampen i Kl B.
Veret var klaart og kaldt um natti so spelarane fekk frost i seg um natti.
Sidan um morgonen kom soli nokso varm og sette ein viss slapphet i dei forfrosne gutarne, og toget fraa Vakstal og til Voss hjelpte til so me vart likeheilde aa slappe. Etter 3 timars traaking paa Vossavangen skulde me til kamp. Soli stod daa högt paa himelen aa det var so kvælande varmt.

x

Kampen tok til kl 1 med domar fraa Vossalaget. Vossigarne byrja med voldsom fart og riv til seg spelet som dei beheldt heile kampen igjenom. Forsvaret til Voss var svert snögge og ikkje gode aa lura for svenniga Østeringar. Her vart soleis eit nederlag for "Skayhedin" 4-0 i Voss favör var slutresultatet.

Fodballaget hadde god framgang i 1926 og straalegt gjorde det sitt at det vart med i kredsen.
Laget heve i 1926 skote 26 mål
Laget heve i 1926 fenge 17 "
Laget heve also 9 mål overvekt

Hauststemna til Laget vart haldi paa bana til Laget (Brukarne) den 18 – 19 september 1926.

Av den eldste klasse deltok paa; av dei var desse; Eivind Solberg, Svein Solberg, Magnus Solberg, Nils Smaaland, Olav Smaaland.

Det er syrjelegt aa sjaa at verkeleg idrotsfolk paraga idrettsjerni skal vera so likehente som me saag paa denna stemna. Det viste tilbakegangen.

Eg vil uppmoda dei um ad taka eit ~~nytt~~ tak iår aa syna at „Sparhedin" heve havt kredsmeistarar og kann faa det at og.

Av den yngste klasse var der dukka upp 3 idrottsstjerne som ein kann venta noko stort av, Desse var, ~~Harald~~ Karl Reigstad Oddvind Smaaland og Anders Solberg.

Dei andre som var med i kl B. var og yver forvenbng manni paa dei er

—×—

Karl Kaland, Olav Kleiveland, Einar Husdal det er mange av deira övelser som overaska. 100 m hans Anders, högddehopet hans Oddvind og kasti hans Karl. dit var dei flaataste prestation som heve vore ~~fra~~ gjordne paa bana av juniorar; me vil sikert faa sjaa dei at iaar. og.

Den 9 mai var vor gamle kredsmeistar i Ytre-Arna for å tevla um det 3dje meistarskap i tarung. Her kom han ilag med sproke og kjende Vossingar; men likevel viste det seg at han vart ein overlegen favorit. Tröyppa var 8 kgm. og tidi til vår gamle meistar var 32 m.

Den 9/3 hadde laget fest i halli til u. l. Fram. Grektor Sörbö helt eit vidunskaps foredrag. I nemdi var Olav Småland Oddvind Småland Einar Husdal og Olav Kleiveland.

Aarmøte for 1927 vart halde i Sjoskall den 25 april
Aarsmeldingi og rekneskapo vart uppleise og
godkjendt, deretter vart det gåt til val.
Til form. vart J. Borge vald med stort fleirtal
15 stemmer. Olai Småland til nestform.
Ivar Bone vart val til kassastyrar.
I styret vart desse valde. Magnus Solberg, 15 r.
Eiriv Solberg. Varamenn Eivind Solberg
Olav Småland. Ettersynsmenn Olav K. Bone,
Olav K Bone: Sekretar Olav R. Bone.
Det vart ogso tala um å velja ei nemnd
for kvar idrotsgrein som laget dreiv;
for foddball vart valde Olaf Bendixen,
Rasmus Bone, Rasmus Skjistad.
For fridrotten vart valde; Olai Småland
Harald Reigstad og Eivind Solberg
For skjisporten vart valde Johannes Skjerping,
Eiriv Solberg, John Veole.
Der vart og tala um skifert som
laget laut skjipa til. I nemndi vart valde
desi Olav Småland, Olav Kleivedand, John Veole.

Eirik Halland
f.t. skrivar Olav Bone